



Møtereferat

Delprosjekt: T1-Eigedom og egedomsforvaltning

Møtestad: Brattvåg

Dato: 22.08.18

Tid: 09.00-15.00

Møteleiar: Bjørnar Helland

Deltakarar:	Kommune/repr.
Bjørnar Helland	Ålesund
Birger M. Hjelle	Ålesund
Kjell Sindre Johansen	Haram
Morten Sloth Fjordside	Ørskog
Øystein Eltvik	Skodje
Martin Gandrubbakken	Sandøy
Stig Meisal	Verneombud
Kim André Breivik	Assisterande Prosjektleiar

Ikkje møtt: Kristin Nonsvik

Saksliste:

1. Godkjenning av referat
2. Administrativt
 - A. Informasjon
 - B. Mandat T1
 - Nytt forslag (tolking/leveranse) pkt. 1d, 1f og 1h
3. Status for arbeid (runde rundt bordet)
4. Prosjektleveranse/oppgåver
 - Framdrift T1 og formalkrav til leveranse
 - Kvar ansvarleg gjennomgår/konkretiserer ønska struktur og leveranse frå resten av deltakarane
 - Arbeidstid T1: Ved ledig tid, påbyrja/vidareføra arbeidet fram til møteslutt.
5. Eventuelt/diverse

Referat og konklusjonar:

1. Godkjenning av referat

Referat frå møte 3 godkjent. Mal til referat ligger på heimesida nyealesund.no.

2. Administrativt

A. Informasjon

Bjørnar Helland legg inn møtereferat i Websak, resten av arbeidet går i prosjektportalen.

Korleis skal ein organisera eigedom i Nye Ålesund: Møte mellom ÅKE, Kim André Breivik, assisterande prosjektleiar Bente Glomset Vikhagen og Birger M Hjelle den 20.08.18 Diskuterte prosessen og korleis/når dette skal avgjerast. Viktig å få ei avklaring i forhold til dei tilsette. Kan eigedom forvaltast vidare i ein periode slik det er i dag? Alt. 2 alle inn i et midlertidig KF inntil vidare.

Det vil koma ein førespurnad/bestilling frå Astrid Eidsvik til rådmann i kvar kommune, der kommunane skal beskriva korleis dagens drift er. Ærleg vurdering av kva som er bra og ikkje fullt så bra. Gruppa går ikkje inn i denne diskusjonen, får anledning til å beskriva kvar for oss i eigen kommunen.

Styringsgruppa behandlar informasjonen og ser på det i forhold til nye Ålesund totalt. Foreløpig rapporterer denne gruppa til styringsgruppe K6.

Framdrift i andre grupper: Mangel på kapasitet, må vurdere kritisk kva som må på plass. Avpassa oppgåva i forhold til tid som er tilgjengeleg. Gruppa leverer eit enkelt lettles notat, resten som vedlegg.

Kim André Breivik orienterar om styringsgruppa: Bysekretær Irene Kalstad Aase er koordinator. Gruppa forsøker å svara ut på bestillinga til 1. september, og få oversikt over kva som manglar av faggrupper og styringsgrupper. Treng avklaring i forhold til KF-modellen.

Eitt stort problem: Mindre kommunar (Sandøy og Ørskog) har ikkje nok folk til å stilla i alle faggrupper.

B. Mandat T1

- **Nytt forslag (tolking/leveranse) pkt. 1d, 1f og 1h:**

Nokre av punkta kan sjåast i samanheng, kan slåast saman slik at ein slepp å svara på det same fleire gonger.

- Kva kjøper vi på rammeavtalar (fdvu og prosjekt), kva leverer vi sjølve av tenester?

- **Nytt 1f – kartleggja dagens lokale forskrifter og interne reglement/vedtekter.**

- (1f blir då utan +1h)

- **Nytt 1d (1h inngår i 1d)**

1. Kartleggja eksterne avtaler og grensesnitt mot markedet, herunder gjera greie for FDVU-teneste og leveransar internt vs. eksternt.
2. Presentera ein oversikt over avtaler med eksterne samarbeidspartnarar og leverandørar.

- Slår i lag 1d og 1h. Svarar på dei samla. Snakkar med innkjøpsgruppa, kva har dei allereie gjort av kartlegging i forhold til teknisk (unngå meirarbeid).

3. Status arbeid (runde rundt bordet)

Skodje

- 1.i) Har laga mal, vanskeleg å finna nøkkeltal.
- Nøkkeltal: Ålesund har eit system som heiter «fram sikt» som kan gje tal. Irene Kalstad Åse kan gje kontaktinformasjon til riktig person. Statsbygg. Kva brukar ein i kvar kommune, kva seier KOSTRA, kva brukar markedet generelt? Konsentrerer seg om forvaltningsdelen.
- Kontakt fylkeskommunen. Bruka som referanse.

Ørskog

- 1.g) Har fått kartlegging frå IT, tatt ut det som er viktig/gjeld for oss. Ligg inne på prosjektverktøy, kvar enkelt går inn og kontrollerer/kryssar av for kva kommunen har. Bør vera med ein enkel beskriving av kva ein brukar programmet til (beskriving og bruk)?

Haram

- 1.C) Har byrja på kartleggingsskjema/mal i Excel, sender ut til resten.
- Tanken bak: Kva for dokument har vi i kommunen som seier noko om kva planar/behov vi har for bygningane i kommunen. Kva ligg i økonomiplanen?
- Kva skal det brukast til: Får samla investeringane til kommunane, får framstilt samla investeringsbehov på eigedom. Bør i tillegg ha skriftleg kommentar om kva som er hovudprioriteringa, eks. tre slitte skolebygg for Ålesund sin del.
- 1.d) Slått i lag med 1.h.
- 1.f) Gjeldande fullmakter og instruksar vi jobbar etter. Terskelverdi ved investering for oppretting av byggekomité osv.
- Korleis gjer ein det i prosjekt: Kommunestyre - vedtak – fullmakt. Korleis får ein løyve til å driva jobben sin i dag? Eiga vurdering av korleis dette fungerer for kvar enkelt kommune i dag?
- Kommentar: (I all hovudsak er det det som må endrast som er viktig i forhold til lokale forskrifter osv.: Det er nokre formelle regler som må følgast for å avslutta dei. Er det forskrifter som må endrast?)

Sandøy

- 1.e) Samla saman og finna ut kor mykje eigedomsmassen er forsikra for (forsikringsverdi). Martin finn ut korleis han vil samla inn informasjon, les seg opp på mandatet.
- Trenger i grunn berre samla verdi, ikkje for kvart bygg.
- Høy eller lav terskel for å bruka forsikring? Eigenandel?
- Avtalane vi har på forsikring faller under 1.d.

Ålesund:

- 1.a) Har henta inn dokument frå Lillehammer kommune, så har dokument som trengs for å starta på oppgåva i forhold til innkjøp av tilstandsanalyse av bygningsmassen. Lillehammer har ein kontrakt for skular og ein for andre bygg.
Må vurderer kva vi skal bruka konsulentar til, treng ein prosjektleiar som kjem med systematikken, verktøy og strukturen til oss i forhold til samling av dokument.
- Spørsmål: Er det nok tid og ressursar til dette, vert leveransen ferdig til 2020? Eller er det godt nok dei vurderingane kvar kommune har gjort? Behovet er der i forhold til budsjett og dei som skal drifta bygga i nye Ålesund.
- Bjørnar: Bør i alle fall laga ein sak til seinare arbeid, for vurdering av investeringar til bygningsmassen.
- Også i forhold til vurdering av kva bygg vi treng i Nye Ålesund? Får ein stor bygningsmasse som kan brukast på tvers av, på ein del områder.

- 1.a) Gjer ein vurdering at det framleis er viktig å kartleggja, rekker ikkje det i forhold til leveransen, men byggjer opp ein sak til seinare, viktig i forhold til økonomi i vurdering av bygningsmassen seinare.
Kjem ikkje i hamn med 1.b på grunn av 1.a.

- 1.j) Dokument er lagt ut, kvar kommune/deltakar går inn og supplerer dokumentet.

4. Prosjektleveransen/oppgåver

- **Framdrift T1 og formalkrav til leveranse.**

Finst ikkje formalkrav. Vi må finna ut korleis sluttdokumentet vårt skal sjå ut. Rapport vert for omfattande. Forslag: Vi svarar strukturert ut i frå mandatet vi har fått + enkel skildring av kva vi har gjort, og grensesnitt. Leverer ei fil med mappene.

Om mogleg, bruk malar frå heimesida: Nye Ålesund (for tilsette).

Framdrift: Har høve til å halda framdriftsplanen. Til møte fem bør alle ha fått ut malar/strukturen til oppgåvene.

Manglar avklaringar på korleis den overordna strukturen skal vera, får svar på dette i slutten av oktober.

Spørsmål: Skal vi vera på forkant i forhold til mogleg innstramming av fristar? Kim: Nei, gjer førebels inga endringar.

Møte 6: kan bruka delar av politisk vedtak 4. oktober til å diskutera organisering.

- **Kvar ansvarleg gjennomgår/konkretiserer ønska struktur og leveransar frå resten av deltakarane:** Har gjort i pkt. 3

- **Arbeidstid T1: Ved ledig tid, påbyrja/vidareføra arbeider fram til møteslutt.**

1. Eventuelt / Diverse

Til neste gong, ferdigstill leveranse for sitt ansvarsområde.

Referent: Øystein Eltvik